

**Produksjonar til  
vidaregåande skule  
skuleåret 2018-2019**

# ***Din tur***

(Renate Nedregård)

Litteratur - forfatterbesøk

*Ein litterær produksjon om vanskelege val, og korleis hovudpersonen sine val avgjer retninga i ei forteljing.*

## **Omtale:**

*Din tur* er ein litterær produksjon som bygger på Renate Nedregård sin ungdomsroman *Det er din tur nå*. Temaet er val, ansvar for egne val, og korleis dei vala vi tar får konsekvensar, kanskje for resten av livet.

Elevane vil lære grunnleggjande element i klassisk historiefortelling og karakterutvikling. Målet er å vise korleis val vert nytta bevisst som verkemiddel i historieforteljing.

Produksjonen legg opp til tett interaksjon med elevane. Ved hjelp av grøn og raude lappar skal klassen vere med på å avgjere kva val hovudpersonen skal ta, og kor historia skal gå. Slik vil elevane bli medvitne om korleis hovudpersonen sine val kan brukast til å avgjere retninga i ei litterær forteljing.

Elevane får høve til å skissere eit plot til ei historie, basert på det dei har høyr og lært. Forfattaren summerer til sist korleis ein kan byggje opp ei klassisk historie. Elevane vil lære om grunnleggjande emne som må vere med i ei forteljing, med fokus på plot, framdrift og karakterutvikling.

Etter besøket skal elevane vere i stand til sjølve å skrive ei klassisk historie, bygd rundt ein hovudperson som må gjere val, der dette valet skapar framtida i historie, og endring hos hovudpersonen.

## *Forslag til førebuing:*

Det er ynskjeleg, men ikkje ei føresetnad, at elevane har lese boka før forfatterbesøket.

**Visningsstad:** Klasserom, bibliotek, lite auditorium eller anna på skulen.

**Programlengd:** 2x45 minutt.

**Tal på deltakarar/publikum:** Maksimum 30 pr. økt.

**Visningsperiode:** Veke 46 og 47 (12. – 23. november). Perioden kan bli utvida, veker er ikkje fastsett.

---

**Om forfattaren:** *Renate Nedregård* er forfattar av både fakta- og skjønnlitteratur. Ho har utgitt to ungdomsromanar, to faktabøker for vaksne, ein historisk biografi for born, og skriv no på sin andre biografi for born. Ho har i tillegg bakgrunn som journalist, og spesialkompetanse på munnleg formidling.

# ***Engelen frå Kobane***

(Hordaland Teater)

Scenekunst

*Engelen frå Kobane er ein monolog som er spunne rundt historia om ei ung kurdisk jente som vart verdskjent gjennom sosiale medier da Kobane vart angrepen av IS i 2014. Gjennom sin medverknad i motstandsrørsla skal ho ha drepe over 100 IS-soldater, før ho sjølv mista livet i kampane.*

## **Omtale**

Rehana er ei heilt vanleg tenåringsjente som veks opp i ein liten landsby i Syria, nær grensebyen Kobane. Hennar store draum i livet er å studere jus, sjølv om faren vil at ho heller skal ta over garden. Ein dag kjem faren og fortel at skulen er stengt på grunn av sjukdom. I staden for å lese, må ho stille til skytetrening i frukthagen.

I 2014 dukka det opp bilete av ei ung, militært kledd kurdisk jente i sosiale media. Biletteksten fortalde at jenta skulle ha drepe over 100 IS-soldatar i dei harde kampane som den kurdiske motstandsrørsla utkjempe for fridom i grensebyen Kobane. Kven jenta eigentleg var, visste ingen, anna enn at ho heitte Rehana og studerte jus. Hennar heltemot vekka oppsikt verda over, biletet vart delt fleire tusen gonger, og ho fekk tilnamnet «Angel of Kobane».

Historia om Rehana er ei fiksjonsforteljing basert på denne myta. Men alt som skjer i historia har skjedd, og skjer framleis, i verda, i dag. Gjennom dei umenneskelege vala og utfordringane Rehana vert stilt ovanfor, får vi eit tankevekkjande innblikk i kor sårbart det er å vere ei ung kvinne i den pågåande konflikten i Syria. Ein krig som har skapt den største humanitære tragedien i vår tid, og der halve befolkninga er drive på flukt.

**Visningsstad:** Stort klasserom/ dobbelt klasserom, aula, ungdomshus eller liknande.

**Programlengd:** 45-60 minuttar.

**Tal på deltakarar/publikum:** Maks 60 pr. framsyning.

**Visningsperiode:** 3. September – 5. oktober 2018.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til formidlingsstaden.

---

**Om Hordaland Teater:** Hordaland Teater er regionteateret for Hordaland og vart etablert i 1988. Teateret spelar på nynorsk og dialekt, og har ei forankring i det vestnorske. Dei satsar også på ny dramatikk, og har fast scene på Logen i Bergen.

**Om Madalena S. Helly-Hansen:** Skodespelar, utdanna ved Høgskolen i Nord-Trøndelag (no Nord Universitet).

# **Tokt med Seglkutteren Seladon**

(Smedholmen kyst og naturlivskule)

Kulturarv

*Ei mangefasettert oppleving og solid læring om bord på Seladon. Ein dag med stor grad av elevmedverknad, praktisk og teoretisk arbeid, samt ein frisk dag ute på sjøen.*

## **Omtale:**

Seladon er ein sertifisert seglslupp med plass til 35 personar. På tokt med denne skuta vil ein lære om historie, kulturarv, navigasjon, knutar, segling, sjømannskap, styring og korleis å te seg på sjøen.

Opplegget er under produksjon, og vil bli ein kombinasjon av praktisk sjømannskap på eine sida og kulturarv på den andre.

Seladon er tilnærma lik det første norske utvandringsfartøyet "Restauration". På toktet vil ein bli kjent med historia bak dette fartøyet, eit utgangspunkt for refleksjon om parallellar og skilnadar til dagens flyktningsituasjon.

**Visningsstad:** Seladon.

**Programlengd:** 3 timar. Er under utvikling.

**Tal på deltakarar/publikum:** Maks 35 pr. tokt.

**Visningsperiode:** Våren 2019, dagar ikkje fastsett. Truleg april.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til formidlingsstaden.

---

**Om Smedholmen kyst og naturlivskule:** Les meir på deira heimeside: <http://www.smedholmen.com/>

# **BIT Teatergarasjen presenterer**

(BIT – Teatergarasjen)

Scenekunst - dans

*BIT Teatergarasjen inviterer til to ulike danseframсыngar under Oktoberdans.*

**Omtalar:**

## **1. Carousel**

(Human Works NOR)

Carousel handlar om kunsten å danse saman. I en tid som viser kor lett den politiske røynda let seg manipulere med ord. Der sanning og løgner får eksistere side om side, leitar Human Works etter ei slags sanning eller ærlegdom i det fysiske nærværet, ei som ikkje så lett lar seg manipulere, kor vi må halde oss til tyngdekrafta, tida og kvarandre.

Koreografien er utvikla gjennom kinestetikk, kroppen sitt djupe sanseapparat, som ein kan kjenne på når ein ser for seg sin eigen kropp eller den ein er i berøring med medan ein har auga lukka, og som finn andre meiningar og moglegheiter i rørsler og gestar enn i blikket. Det er ikkje alltid vi tillèt fysisk kontakt å lede opplevingane våre, men det er naturleg i private relasjonar, som mellom kjærestar, eller mellom foreldre og born, og i meir offentlege aktivitetar som i kamp- og lagsport. I improvisert pardans er den fysiske kontakten og blikket utanfrå heilt essensielt.

Sandra Kolstad har utvikla musikken med harmoniar som går i sirklar, og som stadig og umerkeleg forskyver det utgangspunktet den vender attende til, eit suggererande og rytmisk verk.

**Speledag:** Fredag 19. oktober kl. 12.00

**Visningsstad:** Røkeriet USF, Verftet Bergen sentrum

**Programlengd:** Framsyninga er under utarbeiding. Informasjon fylgjer.

**Tal på publikum:** 120 – 140 (endeleg tal blir fastsett seinare).

## **2: Softcore- A Hardcore Encounter**

(Lisa Vereertbruggen – BEL)

*Softcore* er ei danseframсыning, og samstundes eit kroppsleg føredrag, om og til tonar frå den frenetiske technomusikken med 150 beats i minuttet som oppsto på gratisfestar og klubbar tidleg på 1990-talet. Den gir oss ei hektisk oppvising i partykulturen med uttrykk som hardcorekropp, hardcorerom og hardcoretid, men framсыninga snur alt opp ned og viser at hardcore både er mjuk og utan noka kjerne.

Hardcore tekno er softcore dans og koreografi, for det ein lengtar etter i denne danseforma er endring og kjensler i seg sjølve. Lengten er ikkje retta mot ein annan, og heller ikkje mot seg sjølve. Dansen er sensuell, i stadig flyt og i eit stadig følande tilhøve til dei andre kroppane på dansegolvet og musikken. Desse kroppane er ikkje harde, men inderleg mjuke og gjennomskinlege. Utøvaren dansar, snakkar, kviler, føler, okkuperer, dansar, dansar – og blir att i hardcore.

**Speledag:** Fredag 19. oktober kl. 12.00.

**Visningsstad:** Hordaland Kunstsenter

**Programlengd:** Framsyninga er under utarbeiding. Informasjon fylgjer.

**Tal på publikum:** 50 – 70 (endeleg tal blir fastsett seinare).

**Merk at framсыningane er på to ulike spelestadar.**

**Reise til framсыningane:** Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til formidlingsstaden.

---

**Om BIT Teatergarasjen og Oktoberdans:** Les meir på deira heimeside: <http://bit-teatergarasjen.no/>

# **Peer Gynt Teikneserieroman**

(Geir Moen)

Visuell kunst

*Teikneserieskapar Geir Moen har saman med manusforfattar David Zane Mairowitz laga ei teikneserieversjon av Henrik Ibsen sitt dramatiske dikt «Peer Gynt». Geir Moen vil fortelje om prosessen og utfordringane med å omskape stoffet i bilete. I denne produksjonen får elevane oppleve klassikaren på ein ny og visuell måte.*

## **Omtale:**

*Peer Gynt Teikneserieroman* er eit møte med teikneserieskapar Geir Moen og prosessen bak teikneserieversjonen av det verdskjente stykket om Peer Gynt. Det er også ein spanande gjennomgang av stykket, med illustrasjonar dramatisert i teikneserieform som kan gjere stoffet meir tilgjengelig for eit nytt publikum.

Geir Moen vil også snakke om Henrik Ibsen sitt liv og det politiske og kulturelle klima i hans tid. – Korleis det påverka arbeidet hans med «Peer Gynt», og korleis det dramatiske diktet fortsatt er aktuelt i dag.

Det kan vera nyttig for elevane å ha kjennskap til «Peer Gynt» på førehand, men opplegget kan også fungere fint som ein introduksjon til stykket og litteraturhistoria.

**Visningsstad:** Auditorium eller klasserom med lerret.

**Programlengd:** 45-60 minuttar.

**Tal på deltakarar/publikum:** 100.

**Visningsperiode:** Veke 37 og 38; 10. – 21. september 2018.

---

**Om utøvar:** *Geir Moen* har jobba som teikneserieskapar og illustratør sidan 1996, og fekk Kulturdepartementet sin teikneseriepris i 2008 for teikneserieromanen “de fire store” saman med Øystein Runde. Han har halde teikneseriekurs for born og vaksne sidan 2004.

# Det sorte gullet

(Arild Brakstad)

Scenekunst

*«Har man evnen til å forestille seg noe fantastisk forferdelig så har man også evnen til å forestille seg noe forferdelig fantastisk» (Brakstad)*

## Omtale:

I denne einmannsframsyninga av og med Arild Brakstad, fortel han ope og ærleg om vandring frå ei ungdomstid med angst og tvangstankar, til han i dag er ein skapande kunstnar som mellom anna har uttrykt seg med poesi og visesong, skrive musikal, halde skrikekurs og opptreidd som stand-up komikar. I det Brakstad sjølv kallar ei sjølv-psykologisk framsyning, vil han gje oss innblikk i korleis angst og tvangstankar kan ta heilt over i livet, og korleis ein likevel kan snu det til ei skapande kraft og omfavne jamvel dei mørkaste av alle tankar og kjensler.

Sagt om Det sorte gullet:

*Han forhekser og drar sitt publikum inn i sin egen historie bygget opp og formidlet med en tilstedeværelse og overraskende visdom. (...)Hans kombinasjon av humor, fortellerkunst og energi er mildt sagt fascinerende. Å se et annet menneske stå på scenen i et indre oppgjør og selvransaking gjør noe med deg, der og da. Å se «live» foran deg et følelsesregister utspilles i sann-tid er noe annet enn å høre noen fortelle om sine «erfaringer». Så varmt og rørende, utrolig nok aldri klamt og kleint, så vanvittig morsom og mesterlig, som på en line, blir publikum ledet over Arilds knivskarpe egg og evne til å balansere, berøre og bevege. Men mest av alt kan vi lære noe av hans evner til å trekke kunst og kreativitet ut av sinnets mørkeste kroker og sjelens sorteste klumper. Hver centimeter og hvert sekund av alle de mentale mil han har lagt bak seg har vært et helt nødvendig "onde" for å omfavne sin angst og tvangstanker og skape "Det Sorte Gullet"!*

Det er ein føremon om psykisk helse har vore snakka om i klassen på førehand, og rett etter framsyninga blir det høve å stille spørsmål og gå i dialog med utøvaren om emnet og det elevane har sett.

**Visningsstad:** Auditorium, aula, gymsal, musikkrom eller anna eigna rom på skulen.

**Programlengd:** 75 minutt.

**Elevtal:** Avhengig av spelestaden, gjerne stort publikum.

**Visningsperiode:** Medio januar/februar 2019. Endeleg periode er ikkje fastsett.

---

**Om utøvaren:** *Arild Brakstad* har Bachelor i kultur- og samfunnsvitskap frå UIB. Han er skaparen av Musikalen Svartediket (2010), vore dramatikar på Nordiska Teaterforlag i Danmark, og lokalt har han ved fleire høve arbeidd for Vestlandske teatersenter.

Les meir på Brakstad sine heimesider: <http://www.arildbrakstad.com/index.html>

# **Klykken Trio - Klykken/Bjerck/Norbakken**

(Anne Gravir Klykken, song/Snorre Bjerck, trommer/perkusjon/Helge Norbakken, trommer/perkusjon)

Musikk

*Veit du kva eit stev er? Eller ein slått? Trioen garanterer at de veit det etter denne konserten!*

## **Omtale:**

Klykken trio er Anne Gravir Klykken og trommeslagarane Snorre Bjerck og Helge Norbakken som syng og spelar norske, tradisjonelle stev og slåttar. Saman med leikande rytmar spelt på afrikanske trommer og kalimba, lagar dei ei spanande og annleis blanding av tradisjonsmusikk og moderne uttrykk. I denne konserten møtes stev, stubbar, balladar og viser i ein rytmisk konversasjon der både norske slåtteelement og påverknad frå vest-afrikansk musikk kjem fram.

Kultur tanken sitt programråd skriv dette i si evaluering:

*Vi høyrer sterke utøvarar i virtuost samspill. Arrangementa er innovative. Dei er strippa ned og går attende til tradisjonen, samtidig som dei tilfører heilt nye element. Trioen syner høg originalitet i ein sjeldan besetning. Her er suverent dyktige perkusjonistar og dyktig songar med god tekstformidling. Dei er særst godt samspelte, og dei tre musikarane viser stor formidlingskompetanse. Programmet har god musikalsk variasjon.*

*Innovative tolkingar av tradisjonsmusikk er alltid relevant; det er der fornying skjer.*

*Dei formidlar sine versjonar av tradisjonsstoff frå Norge og Afrika, og dei har gjort stoffet til sitt eige.*

*Tradisjonell folkemusikk er relevant, både norsk og afrikansk.*

**<https://www.facebook.com/1529886770572880/videos/1530658383829052/>**

**Visingstad:** Auditorium, gymsal eller det rommet skulen nyttar for å samle eit større publikum.

**Programlengd:** 40 minutt

**Tal på deltakarar:** Max. 220

**Turnéperiode:** Veke 4 og 6 2019.

---

**Om utøvarane:** Gruppa har sitt utspring i Telemark, nærare bestemt Skiens-området, men medlemmene representerer både nord, vest og aust i Noreg.

Songar Anne Gravir Klykken er frå Skien og har si musikkutdanning frå Høyskolen i Oslo, Agder musikkonservatorium og høyskolen i Telemark– institutt for folkekultur. Helge Andreas Norbakken er frå Tromsø og har slagverk og perkusjon som hovudinstrument. Han studerte ved Trøndelag musikkonservatorium. Snorre Bjerck kjem frå Florø, og har budd i Bergen i mange år. Han har også perkusjon som sitt hovudinstrument, noko han studerte ved jazzlina på NTNU i Trondheim.



# ***Kvervel – poesikonsert!***

(Karl Seglem, Lars Jakob Rudjord, Kåre Opheim)

Kunststartar i samspel – jazz og poesi.

*Sjangeroverskridande konsert som femnar om musikk, litteratur og media.*

## **Omtale:**

Poesi er eit språk som gjer at vi må lytte. Poesien står i dialog med og i kontrast til nyhendesråket, reklamespråket og debattspråket vi blir bombardert med dagleg. I poesien kjem vi nært noko vi kjenner at vi treng, noko vi ikkje heilt veit kva er, men som rører oss, vedkjem oss.

*Kvervel* er ein sjangeroverskridande konsert som femnar om musikk, litteratur og media. I konserten får vi presentert Karl Seglem sin poesi i kombinasjon med eigenkomponert og improvisert musikk, og eit visuelt uttrykk. Trioen vågar å utfordre publikum, og involvere dei konkret. Deira mål er å skape lyd, samklang, ord og bilete som kan opne opp noko nytt i kvar og ein. Både musikken og poesien som blir presentert er påverka av naturen og den urkrafta den innehar, og trioens formidlar den poetiske krafta i oss sjølve og naturen. Konserten opnar opp for å sanse poesien meir enn å forstå han. Musikarane inviterer elevlar/lærarar til dialog gjennom lytting, samhandling og samskaping.

## *Forslag til førebuing/etterarbeid:*

Skular som ønskjer det, kan få eit vidare omfang av tilbodet enn berre konsertopplevinga, gjennom eit samarbeid med utøvarane om utstrakt arbeid i førekant, m. a. diktskriving og konkret førebuing knytt opp mot norskfaget. Elevane sine dikt vil då bli vevd inn i konserten.

*Tilleggstilbodet er under utarbeiding og ikkje ferdig produsert. Detaljert omtale vil kome seinare.*

**Visningsstad:** Aula, auditorium, konsertsal, gymsal eller det rommet skulen nyttar fo å samle eit større publikum. Alternativt kulturhus/leigd lokale nær skulen.

**Programlengd:** 40 minutt.

**Tal på deltakarar/publikum:** Maks 100 pr. konsert.

**Visningsperiode:** Vår 2019, veker er ikkje endeleg fastsett. Truleg mars månad.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til formidlingsstaden.

---

## **Om trioens:**

*Karl Seglem:* Poesi, tenorsax, bukkehorn, elektronikk.

*Lars Jacob Rudjord:* tangentinstrument, elektronikk.

*Kåre Opheim:* Trommer, perkusjon, lyd og videoteknikar.

Trioens har samarbeidd i mange samanhengar, og har tidlegare presentert Karl Seglem sin poesi i kombinasjon med eigenkomponert og improvisert musikk på festivalar i Noreg og utlandet, m. a. på Nattjazz og Festspillene i Bergen.

# Lokal BIFF 2018: Ny kunnskap gjennom filmopplevingar

(Bergen Internasjonale Filmfestival – BIFF)

Film

*Festivalframsyning av dokumentarfilmar og møte med regissørar, filmarbeidarar og/eller aktørar i filmene.*

## Omtale:

BIFF arrangerer enno ein gong *lokal Biff* på utvalde kinoar/kulturhus/skulestader i Hordaland utanom Bergen. Tilbodet er utarbeidd særskild som *lokal BIFF*, og skil seg frå BIFF sitt ordinære dokumentarfilmprogram til vidaregåande skular i Bergen.

*Lokal BIFF* er under planlegging, og vil bli tildelt vidaregåande skular direkte så fort lokale kinoar/visingsstader er vald ut.

Elevane blir inviterte til ein heil festivaldag på sin lokale kino, med framsyningar av dokumentarfilmar i ei anna ramme og setting enn det som har vore vanleg tidlegare.

BIFF vel ut heilt nye dokumentarfilmar som er henta inn frå dei største festivalane i verda, og som har vakt oppsikt mange stadar. Filmene blir viste i eige program, innanfor skuletida.

Elevane får sjå to - tre filmar. Filmskaparar, andre filmarbeidarar eller dei som medverkar i filmene, er til stades under framsyningane. Alternativt vil fagfolk som er godt kjende med emna som blir tekne opp vere med på dette opplegget. Dei innleier filmene med å presentere arbeidet sitt for elevane. Etter kvar film er det sett av tid til dialog mellom salen og filmskaparane, der elevane er oppmoda om å kome med eigne synspunkt, spørsmål og kommentarar.

## Pedagogisk materiell:

I forkant av filmfestivalen blir det distribuert filmstudieark knytt opp mot dei utvalde filmene, mynta på førearbeid til festivalbesøket. I tillegg til utdjupande informasjon om filmene og filmskaparane, inneheld materiellet utforma problemstillingar som blir viktig i møte med regissørar, filmarbeidarar eller aktørar i filmene.

Tematisk vil filmstudiearka innehalde tankar om form og innhald, og ha fokus på budskap og påverknad opp mot tilskodarane sine kjensler og intellekt. Det blir òg lagt vekt på å formidle og klargjere korleis dei ulike filmskaparane arbeider med å formidle ei eller fleire saker gjennom sitt medium, dokumentarfilmen.

*Tilbodet er framleis under utvikling, og kva spelestadar/skular som får tilbodet er enno ikkje endeleg fastsett. Oppdatert informasjon om kva kinoar/kulturhus, filmar og filmgjestar, i tillegg til pedagogisk materiell/filmstudieark, blir sendt ut når det ligg føre.*

**NB: Sjølv om lokal-Biff blir tildelt skular direkte, kan alle skular som ønskjer lokalt arrangement melde det til Hordaland fylkeskommune. Foreslå gjerne kino/lokale.**

**Visningsstadar:** Lokal kino, kulturhus eller annan eigna visningsarena.

**Programlengd:** *Heildag*, ca. 4,5 til 5 timar inkl. to - tre filmframsyningar.

**Elevtal:** Avhengig av spelestad; ca. 200 pr. festivaldag.

**Visningsperiode:** Veke 42; 15. – 19. oktober 2018. Lokale datoar ikkje fastsett enno.

**Pedagogisk materiell:** Filmstudieark blir distribuert før festivalstart.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer ev. reiseutgifter når det er trong for transport til visningsstaden.

---

**Om Bergen internasjonale filmfestival:** Sjå BIFF si heimeside: <http://www.biff.no/>

# ***Nowhere to hide***

(Zaradasht Ahmed/Mette Cheng Munthe-Kaas)

Film

*Amanda-prisen for beste dokumentar i 2017*

## **Omtale:**

*Nowhere to Hide* følger den unge sjukepleiaren Nori Sharif gjennom fem år i dramatisk endring og gir ein unik tilgang til eit av verdas farlegaste og mest utilgjengelege område, "dødens triangel" i Sentral-Irak.

Sharif startar med å filme historiene til overlevande. Han formidlar håpet om ei betre framtid etter den amerikanske tilbaketrekkinga frå Irak i 2011, men opplever sjølv å bli fanga mellom IS og ulike irakiske militsgrupper. Han må berge sin eigen familie. Når han blir tvinga til å flykte frå sin heim for å overleve denne "nye krigen" der fienden er usynleg, og det ikkje finst stader å gøyme seg, snur han kameraet mot seg sjølv.

«Nowhere to Hide» hadde verdspremiere under den prestisjetunge dokumentarfilmfestivalen IDFA i Amsterdam i november 2017. Filmen er kritikarrost og omtalt slik i [Screen Daily](#):  
"Nowhere To Hide should be required viewing for anyone with an opinion about the refugee crisis."

Ahmed vil snakke om krisa som finn stad i Irak i dag. Han vil skape samtale og drøfting med elevene om flyktningkrisa i lys av politikk, religiøs tru og samfunnsviktige problemstillinger.

**Visingstad:** Klasserom, bibliotek, auditorium eller anna på skulen, med tilgjenge til lerret, projektor, høgtalarar og best mogleg blanding.

**Programlengd:** Ca. 120 minutt (Film 86 min + diskusjon).

**Tal på deltakarar:** Avhengig av visningslokalet sin kapasitet.

**Turnéperiode:** Medio mars 2019. Dagar ikkje fastsett.

---

**Om Zaradasht Ahmed:** Ahmed er ein norsk-kurdisk filmskapar. Den siste filmen hans, «Nowhere to Hide», har vunne fleire prestisjetunge internasjonale festivalar, i tillegg til Amanda-prisen for beste dokumentar i 2017. Filmen vert no presentert på festivalar i heile verda. Ahmed sine tidlegare filmar inkluderer prisvinnaren «Veien til Diyarbakir» og «Fata Morgana». Han har lang erfaring med dokumentarfilm og har jobba mykje i Midtøsten, Nord-Afrika og Asia.

**Om Mette Cheng Munthe-Kaas:** Les meir om produsent Mette Cheng Munthe-Kaas her:  
<http://www.nesoddguiden.no/prisvinneren-fra-nesoddparken/>

# **Razika – konsert!**

(Razika)

Musikk

*Forrykande, allsidig konsert med dei kjende damene i det bergensbaserte bandet Razika!*

## **Omtale:**

Ein av dei mest spenstige norske debutane i 2011 kom frå fire 19 år gamle jenter frå Bergen, inspirert av norsk punk og nybølgjemusikk. Musikken til *Razika* er skildra som ein usedvanleg frisk kombinasjon av indie, ska, reggae, himmelske poprefreng og rufsa attityde.

Bandet har vidareutvikla musikken sin, og med norske tekstar leverer dei historier som på same tid er uskuldige og opprørske, romantiske og frekk, omgitt av eit fengjande lydbilete.

Razika er ofte omtala som eit «jenteband», og har i stor grad engasjert seg i debatten om likestilling i musikkbransjen. Dei er ikkje redde for å seie kva dei meiner, om det er snakk om deira ståstad i konflikten mellom Palestina/Israel, dumping av gruveavfall i Førdefjorden eller fordommar mot kvinner i musikkbransjen.

Som eitt av særst få band i Noreg som er samansett av berre kvinner, er Razika førebilete for mange unge jenter, og vil gjerne inspirere til skaparglede hos jenter.

Tematikken i låtane viser kjensler born og unge lett kjenner seg att i, og tekstane blir kommunisert på ein underholdande måte.

## *Forslag til førebuing:*

Sjå minidokumentaren «Evig kamp» frå 2014 med elevar i førekant av ein konsert: <http://bit.ly/2iILK43>

**Visningsstad:** Aula, auditorium, konsertsal, gymsal eller det rommet skulen nyttar for å samle eit større publikum. Alternativt kulturhus/leigd lokale nær skulen.

**Programlengd:** 30 – 45 minutt.

**Tal på deltakarar/publikum:** Mange! - Berre avgrensa av lokale.

**Visningsperiode:** Medio november. Atterhald om at det òg kan bli sett opp konsertar i vårsemesteret.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer reiseutgifter om det blir trong for transport til alternativ spelestad.

---

## **Om Razika:**

*Marie Amdam* - vokal/gitar

*Marie Moe* - bassist/kor

*Maria Råkil* - vokal/gitar

*Embla Karidotter* - trommer/vokal

Les meir om gruppa på deira heimeside: [www.razika.no](http://www.razika.no)

# **Sjølvpportrett – Kven er eg?**

## **Eit samansett bilete i glas.**

(S12 Galleri og Verksted)

Visuell kunst.

*Speglingar, refleksjonar, gjennomsikt og illusjonar.*

*Eit spennande verkstadbesøk og møte med glas, glasverkstaden, kunst og ikkje minst – deg sjølv!*

### **Omtale:**

På S12 Galleri og Verkstad vil elevane få ei oppleving utanom det vanlege. Dei kjem på besøk til verkstaden i Bergen, der dei får oppleve korleis glas kan vere finurleg, by på mange alternativ og innehalde løyndomar. Elevane er med på å skape og forme eit sjølvpportrett i glas!

I løpet av tre timar møter elevane glas som materiale, både varmt og kaldt. Det blir demonstrasjonar av ulike metodar for å gje glas form, og elevane erfarer korleis glas reagerer på omgevningane.

I tillegg til introduksjon til glas sine eigenskapar som materiale, let verkstaden elevane bli kjende med ein del av kunsthistoria, korleis kunstnarar gjennom tidene har arbeidd med portrett, og korleis dei har vald å uttrykke seg sjølve andsynes verda kring seg. Eit aktuelt tema i «selfie-samfunnet» i dag, og som ein i denne samanhengen ser på med kunsthistoriske auge.

I dialog med elevane ser ein på proporsjonar og uttrykte kjensler i portrett, før elevane sjølve lagar ei skisse på papir som dei overfører og tolkar ved å setje saman glasbitar på eit glasark. Oppgåva kan bli løyst på ulike vis, fokus er at eit sjølvpportrett ikkje berre kan vere ein kopi av andletet, men seie vel så mykje om kven ein er.

Materialet som blir nytta er flatt glas i ulike former og fargar, små og store bitar. Desse blir sett saman etter elevane sine kreative blikk, og til sist smelta saman til eit heilt bilete i glas. Når glasportretta er ferdig brente (etter verkstaddagen), blir dei sende til skulen, klare til utstilling!

*Forslag til etterarbeid:* Skulen kan lage ei utstilling av portretta lokalt, anten på skulen eller annan eigna stad. Det er utarbeidd ei utstillarhandbok/manual med nyttige forslag til kuratering av utstilling av glasarbeid, som deltakarane får med seg frå verkstaden.

### **Visningsstadar:**

*Verkstadbesøket:* S12 Galleri og Verkstad, Bontelabo 2, Bergen sentrum.

*Utstilling i etterkant:* Lokal utstillarstad (bibliotek, kulturhus, galleri e. l.) eller eigna stad på skulen.

**Programlengd:** 3 timar (10:00 – 13:00).

**Elevtal:** Maks 20 pr. økt.

**Visningsperiode:** Tysdagar, onsdagar og torsdagar frå 15. januar til april 2019.

**Førearbeid:** Det er ein føremon om tema sjølvpportrett er diskutert med elevane på førehand. T.d. frå aviser, foto på nett, Facebook, «selfies» osb.

**Transport:** Hordaland fylkeskommune dekkjer eventuelle reiseutgifter til S12 og frakt av bileta til skulen.

---

**Om S12 Galleri og Verkstad:** S12 er eit kompetansesenter for glas som blei etablert i Bergen i 2007. S12 er senter for utforsking, eksperimentering og formidling av glaskunst i Noreg. Verksemda fokuserer på formidling av glaskunst gjennom utstillingar, kurs og gjestekunstnarordning.

Les meir på deira heimeside: [www.s12.no](http://www.s12.no)

# **Staden i skrift og skriving**

(Sivert Nesbø)

Litteratur - forfatterbesøk

*Kvar er det egentleg vi kjem frå? Kjem vi frå ein spesifikk stad, eller lagar vi oss eigne mentale stadar som skil seg frå det som finst i røynda?*

## **Omtale:**

Den staden vi kjem frå er avgjerande for korleis vi forstår oss sjølve. Tilhøvet til vår eigen stad påverkar også korleis vi tenkjer og formulerer oss. Sivert Nesbø reflekterer kring spørsmål i tilknytning til dette emnet.

*Kvar er det vi egentleg kjem frå?*

*Kjem vi frå ein spesifikk stad, eller lagar vi oss mentale stadar, som skil seg frå det som finst i røynda?*

*Korleis blir stadar til, og kven er det som er med å skapar dei?*

*Er det mogleg å verkeleg kjenne ein stad?*

I dette formidlingsopplegget snakkar forfattaren om staden i skrift og staden i skrivinga. Korleis ein stad kan påverke den skrifta som blir til, og korleis ein stad blir skapt og halde ved like gjennom det vi skriv, seier og formidlar gjennom tekstar med ulike særdrag.

Nesbø nyttar døme frå nyare litteratur, både norsk, engelsk og annan europeisk. Han les også utdrag frå eigne bøker, og knyter desse til tematikken.

Forfatterbesøket er meint å gje inspirasjon og grunnlag for kreative og reflekterande tekstar i elevane sitt skrivearbeid seinare.

**Visningsstad:** Klasserom, bibliotek, lite auditorium eller anna på skulen.

**Programlengd:** 45 – 60 minutt, kan tilpassast.

**Tal på deltakarar/publikum:** Ein klasse (maks 30) pr. økt.

**Visningsperiode:** Frå 5. november og utover i månaden.

---

**Om forfattaren:** *Sivert Nesbø* er forfattar frå Førde, no busett i Bergen. Han har gitt ut to romanar, vore redaktør i eit litteraturtidsskrift og bidratt i fleire tidsskrift og antologiar. Han har også praktisk-pedagogisk utdanning, og har arbeidd som lærar i ungdomsskulen.

# ***Vi lagar fanzine!***

(Bergen Zines v/Ann-Kristin Stølan og Fredrik Rysjedal)

Visuell kunst

*Fanzine er ein måte å uttrykke seg sjølve. Ei fanzine er eit kreativt, sjølvprodusert hefte, og kan likne ein blogg, men med ei friare, fysisk tilnærming – eit inkluderande kunstformat som tillét fleire formuttrykk og kunstnarlege nivå.*

## **Omtale:**

Fanziner har eksistert sidan 1930-talet, og er særmerkte som sjølv laga hefte, ofte laga på ein kopimaskin i eit lite opplag.

Fanzina har utvikla seg til å bli eit kunstmedium. Den blir stadig meir profesjonell i produksjonen, men har likevel sine røter godt planta i «gjør-det-sjølvs-kulturen», som gjer at sjangeren er open for alle typar kunst og appellerer til både etablerte og amatørar.

I denne produksjonen får vi presentert kva fanzine er, frå opphavleg informasjonsmedium til korleis fanzina i dag blir nytta innan visuell og litterær kunst. Til inspirasjon får elevane sjå døme på ulike fanziner frå heile verda og til ulike tider. Vidare lagar dei ei fanzine saman, over eit tema utøvarane presenterer. – Kvar elev lagar ei side som deretter blir kopiert på skulen sin kopimaskin. Til slutt set utøvarane og elevane det heile saman, og alle endar opp med kvar sitt eksemplar av den felles fanzina!

**Visningsstad:** Klasserom, arbeidsrom eller annan eigna stad på skulen. Tilgjenge til fargekopimaskin.

**Programlengd:** 2 + 1 skuletimar; pause, lunsj el. l. med tid til kopiering i mellom 2. og 3. timen.

**Tal på deltakarar/publikum:** 20 – 25 pr. økt.

**Visningsperiode:** Veke 39 og 40 (24. sept – 5. okt.) 2018.

---

**Om utøvar:** *Bergen Zines* er eit initiativ som har som mål å auke kjennskap til fanziner; kva det er, har vore og kan vere. Bergen Zines har sidan 2011 halde kurs, delteke på kunstmesser og organiserer jamleg arrangement som fremmar fanzinekultur.

Les meir på deira heimeside: [www.bergenzines.no](http://www.bergenzines.no)

# **Å utforske verda med ord**

(Sunniva Relling Berg)

Litteratur

*Eit blikk inn i ein forfattar si litterære verd og hennar arbeid.*

## **Omtale:**

Sunniva Relling Berg debuterte med ungdomsromanen *Utfør* som m.a. blei nominert til Brageprisen, og i 2013 kom den andre boka hennar, *Beina i gitaren*.

Forfattere besøker skulen og fortel om ein forfattar sin kvardag. Det er både skrivelyst og skrivetips som står i sentrum når ho fortel om og les frå bøkene sine. Ho skildrar ulike sider med skriveprosessen fram til ei ferdig bok, elevene får høyre korleis ein kan velje ut og byggje opp eit persongalleri og stadar der handlinga i boka skal/kan gå føre seg.

I tillegg til persongalleri og stader står forholdet mellom inspirasjon og tekstjobbing i forfattaryrket sentralt i formidlinga.

Elevene får presentert tankekart, notisbøker og korleis Relling Berg arbeider når ho skriv. Arbeidet som forfattar blir skildra levande og lettfatteleg, men likevel poengtert.

Dialog med og spørsmål frå elevane er ein naturleg del av presentasjonen, og her får elevane formidla at skriving faktisk kan vere for kven som helst, dersom ein brukar tid og arbeider med teksten.

Det er lov å drøyme om å bli forfattar, og det kan vere høgst oppnåeleg.

**Visingsstad:** Klasserom, bibliotek, auditorium eller anna på skulen, med tilgjenge til internett.

**Programlengd:** 45 minutt.

**Tal på deltakarar:** Frå enkel klasse inntil 200, opplegget blir tilpassa storleik på gruppa.

**Turnéperiode:** Medio januar 2019.

---

**Om forfattere:** *Sunniva Relling Berg* er utdanna frå Skrivekunstakademiet, og i tillegg til å vere forfattar, er ho skulebibliotekar på deltid og har sidan debuten i 2011 mange skulebesøk bak seg, der skrive- og leseglede er med.